

Innspel til høyring i Næringskomiteen om St. meld 27 (2013-2014) Et mangfoldig og verdiskapende eierskap

Initiativ for etisk handel – IEH er eit ressurscenter og ein pådrivar for etisk handel og har soleis vore tett på den norske debatten om bedrifters samfunnsansvar heilt sidan me vart stifta av Kirkens Nødhjelp, LO, Virke og COOP Norge i 2000. IEH sitt mandat er å bidra til at norske bedrifter, organisasjonar og offentlege etatar har retningslinjer og praksis som bidreg aktivt til å redusera omfanget av brot på grunnleggjande menneske- og arbeidstakarrettar, inkludert miljøomsyn, slik desse kjem til uttrykk i mellom anna ILO sine kjernekonvensjonar, OECD sine retningslinjer for fleirnasjonale selskap og FN si menneskerettserklæring. Per i dag har IEH 153 medlemmer¹ som alle har forplikta seg på å arbeida aktivt til beste for menneske og miljø i sine leverandørkjedene.

Initiativ for etisk handel ber Næringskomiteen ta til orde for at

- Regjeringa som eigar, i tråd med innstillinga i meldinga, stiller klare forventingar om at **alle** selskap gjennomfører **aktsemdsvurderingar med omsyn til menneskerettar** i sine leverandørkjeder
- Dei ulike eigardepartementa sikrar at dei ulike etatar og føretak integrerer **miljømessige og sosiale krav i sine innkjøp**
- Det vert sett av tilstrekkeleg ressursar til naudsynleg **opplæring og kompetansebygging** samt føremålstenlege arenaer for erfaringsutveksling og samarbeid for å sikra framtidsretta statleg eigde verksemder

Bakgrunn

IEH er nøgd med at St.mld. 27 (2013-2014) har teke opp i seg fleire av våre innspel i samband med den førre meldinga om statleg eigarskap, St.mld. 13 (2010-2011) *Aktivt eierskap – norsk statlig eierskap i en global økonomi*. Dette gjeld særleg at det etter kvart forelda skiljet mellom eigen (internasjonal) verksemd og leverandørkjeda med tanke på samfunnsansvar no er borte. Noko som samsvarar fullt ut med utviklinga i både OECD sine retningslinjer for fleirnasjonale selskap, FN sine rettleiande prinsipp for næringsliv og menneskerettar (UNGP) og i Global Reporting Initiative (GRI).

Me tør våga den påstand at det skal leitast med lys og lykte i Eigarskapsmeldinga etter selskap som ikkje kjøper inn varer produsert i land der risikoen for brot på arbeidstakarrettar er tydeleg til stades. For å leva opp til Regjeringa sine eigne ambisjonar må difor ansvar i leverandørkjeda inn som ein sjølvstøtt del av Regjeringa sine forventingar om korleis statseigde selskap skal utøva samfunnsansvaret sitt.

Vilje, kunnskap og samarbeid

Det er ingen tvil om det finnast vesentleg meir kunnskap, erfaring, verktøy og ressursar for operasjonalisering av samfunnsansvar enn for berre nokre få år sidan. Samstundes er det heller ingen tvil om at det altfor mange enno ikkje har teke det i bruk. Vår erfaring etter snart 15 års arbeid med norsk næringsliv er at det oftast skortar på ein kombinasjon av vilje, kunnskap og/eller samarbeid. Dette gjeld ogso statseigde verksemder. For at desse skal kunna leve opp til Regjeringa si forventing om å vera leiande på operasjonalisering av samfunnsansvar trengs det tiltak som vil møta utfordringane på alle desse tre områda.

¹ 117 bedrifter, dei øvrige er organisasjonar, fagrørsla og offentleg verksemder.

Den politiske **viljen** er klårt uttrykt i meldinga, eit tiltak som vil bidra til at denne skal slå sterkare rot i verksemdene enn tilfellet er i dag er klarare signal i eigarskapsdialogen kombinert med informasjons- og **kunnskapsbyggande** tiltak. Det er liten tvil om at samarbeid må til, både for å læra av kvarandre, utnytta synergiar med tanke på å møte felles utfordringar og etablere effektive fellesløysingar for til dømes deling av leverandørinformasjon og metodar for operasjonisering av sosiale krav. Særleg innanfor offentleg sektor bør det ligga godt til rette for slikt samarbeid.

IEH har gode erfaringar med å skapa møteplassar for bedrifter, både konkurrerende og frå ulike sektorar, med opplæring, verktøyutvikling og erfaringsutveksling som heilt sentrale komponentar i arbeidet. Me bidreg gjerne i å styrka dette området for dei offentlege verksemdene.

Offentlege innkjøp

Meldinga er tydeleg på at norske statseigde selskap forventast å vera leiande når det gjeld operasjonisering av samfunnsansvar, ogso når det gjeld leverandørkjeda. Og at framtidretta selskap har dette som ein integrert del av sin strategi. IEH er av den klare oppfatning av at ei tilsvarande forventing ogso bør gjelda for offentlege innkjøp, eit poeng som statssekretær Morten Høglund i Utanriksdepartementet på møter i Kompakt² har formulert som at "*..... me kan ikkje stilla andre krav til næringslivet enn me gjer til oss sjølve.*" Dette er høgst relevant for dei statsføretaka som er omfatta av meldinga, og dermed ogso for drøftingane av innstillinga frå det sokalla Forenklingsutvalet for offentlege innkjøp som kom tidlegare i år.

I IEH sitt innspel til handsaminga av denne legg me vekt på at i tråd med politiske signal, både nasjonalt og internasjonalt, er det klart at integrering av miljømessige og sosiale omsyn er ein del av forventingane til eit framtidretta regime for offentlege innkjøp, med like og rettferdige konkurransevilkår for leverandørane. Mange av våre bedriftsmedlemmer har aktivt støtta opp under dette synet. IEH sitt fleirårige samarbeid med dei regionale helseføretaka om ansvarlege innkjøp har mellom anna resultert i vesentleg betre arbeidsvilkår for migrasjonsarbeidarar i Malaysia³. Dette syner klart og tydeleg den klare koplinga mellom offentlege innkjøp og fare for brot på menneskerettar. Og den store moglegheita det offentlege har til å bidra til positive endringar i samarbeid med sine leverandørar nasjonalt og internasjonalt.

Nettopp difor bør ivaretaking av sosiale og miljømessige omsyn koma klart til uttrykk ogso i eigarskapsutøvinga for statsføretak, der krav til – og oppfylging av leverandørkjeda vil vera den rette arenaen.

Mvh.



Per N. Bondevik
Dagleg leiar
Initiativ for etisk handel
per@etiskhandel.no

Tlf: 2109 0498/ 950 12 969

² Regjeringa sitt konsultasjonsorgan for næringsliv og samfunnsansvar under Utanriksdepartementet.

³ Sjå <http://etiskhandel.no/Artikler/11016.html> for meir detaljar